

# TILSYNSRAPPORT

## Kommunen som barnehagemyndighet

Vindafjord kommune

## Innhald

1	Innleiing.....	3
1.1	Kort om kommunen .....	3
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet .....	3
1.3	Om tilsynsrapporten.....	4
2	Informasjonsinnhenting og risikovurdering .....	4
2.1	Rettslege krav .....	4
2.2	Fylkesmannen sine observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	5
3	Rettleiing av barnehagane.....	6
3.1	Rettslege krav .....	6
3.2	Fylkesmannen sine observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	6
4	Tilsyn med barnehagane .....	7
4.1	Rettslege krav .....	7
4.2	Fylkesmannen sine observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	8
5	Frist for retting av regelverksbrot .....	10

# 1 Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit, jf. barnehagelova § 9 første ledd, jf. kommunelova kapittel 10 A.

I tilsyn kontrollerer vi om barnehagemyndigheita oppfyller barnehagelova med forskrifter.

Dersom barnehagemyndigheita ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting etter at kommunen har fått ein frist for å rette.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova.

## 1.1 Kort om kommunen

Vindafjord kommune har 10 barnehagar, 7 kommunale og 3 private. 3 av dei kommunale barnehagane er organiserte saman med ein skole og har rektor som einingsleiar. Barnehagane er organiserte under rammeområdet *Oppvekst og kultur*.

Delegeringsreglement for Vindafjord kommune viser at rådmannen har fått delegert myndigheit til å ta avgjerd etter barnehagelova. Rolla som barnehagemyndigheit er delegert vidare til kommunalsjef, som har ein barnehagefagleg rådgjevar i staben sin. Når det gjeld stillinga som stabsrådgjevar, har kommunen korrigert opplysningane i foreløpig rapport. Ifølgje tilbakemeldinga frå kommunen blei stillinga vedteke redusert til 50 % frå og med 01.07.17. I praksis er nedskjeringa ifølgje rådgjevar gjennomført med gjennomsnittleg årsverknad for 2017, slik at rådgjevar har arbeidd 80% i heile 2017.

Førre tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit blei gjennomført i 2014. Tilsynet blei avslutta utan pålegg om retting.

## 1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsynet med Vindafjord kommune vart opna i brev av 23.06.17, og det vart bede om levering av dokumentasjon. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Tema for tilsynet er kommunen si plikt til å sjå til at barnehagane i kommunen blir drivne i samsvar med gjeldande regelverk. Vi har kontrollert følgjande undertema:

1. Informasjonsinnhenting og risikovurdering, jf. barnehagelova § 8 jf. § 16
2. Rettleiing av barnehagane, jf. barnehagelova § 8
3. Tilsyn med barnehagane og bruk av sanksjonar, jf. barnehagelova § 16

Formålet med tilsynet er å sikre at kommunen utfører rolla som barnehagemyndigheit og gjennom det bidrar til at barna i barnehagane får eit tilbod i tråd med dei krava som er sette i barnehagelova med forskrifter.

Vi sende førebels tilsynsrapport til kommunen 05.12.17. I den presenterte vi våre førebelse vurderingar og konklusjonar. Kommunen har kommentert innhaldet i den førebelse rapporten innan fristen 18.12.17. Vi har tatt med kommentarane under kvart av dei aktuelle tema. Kommentarane får ikkje betydning for Fylkesmannen sine konklusjonar etter tilsynet, men kan gi utfyllande opplysningar om kommunen sin praksis.

### **1.3 Om tilsynsrapporten**

Vurderingane i denne rapporten baserer seg i hovudsak på opplysningar som kjem fram i:

- dokumentasjonen de har sendt inn
- informasjonen frå våre eigne system og offentlege register
- informasjonen på kommunen sin nettstad
- intervju med kommunalsjef, stabsrådgjevar og styrarar i kommunale og private barnehagar

Tilsynsrapporten inneheld informasjon om kva for pålegg som er aktuelle å vedta etter at rettefristen etter kommunelova § 60 d er over.

Tilsynsrapporten er eit offentleg dokument. Vi publiserer tilsynsrapportane på heimesida vår.

## **2 Informasjonsinnhenting og risikovurdering**

### **2.1 Rettslege krav**

Kommunen er lokal barnehagemyndigheit. Kommunen sitt overordna ansvar er slått fast i bhgl. § 8. Enkelte av kommunen sine oppgåver som barnehagemyndigheit er regulerte særskilt og meir utfyllande i kap. IV, mellom anna oppgåva med tilsyn med barnehagane.

Kommunen har ei myndigheitsrolle overfor både kommunale og private barnehagar.

For å skaffe grunnlag for ei vurdering av behovet for rettleiing og tilsyn, må kommunen kjenne regelverket, ha rutinar for å innhente informasjon om barnehagane og gjere risikovurderingar ut frå den kunnskapen kommunen har om barnehagane i kommunen.

Barnehagemyndigheita må bruke kunnskapen om barnehagane i vurdering av om rettleiing eller tilsyn er riktig verkemiddel, kva for tema det skal rettleiast om eller førast tilsyn med, kva for barnehagar kommunen skal rettleie eller føre tilsyn med og tidspunkt for rettleiing eller tilsyn. Dette inneber ei vurdering av både sjølv risiko for lovbrøt og konsekvensane av dei eventuelle lovbrøta.

Krava er nærare omtalte i Utdanningsdirektoratet sin rettleiar: <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/barnehagemyndigheten/veileder-om-barnehagemyndighetens-virkemiddelbruk/>

## 2.2 Fylkesmannen sine observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Dokumentasjon knytt til kommunen sine planar for tilsyn viser at barnehagemyndigheita har oversikt over dei plikter barnehageeigar har etter barnehagelova. Det kjem også fram under intervjuet at kommunen er oppdatert når det gjeld forståinga av barnehagelova med forskrifter.

For å kunne vurdere risikoen for lovbrøt, må barnehagemyndigheita ha kunnskap om korleis barnehagane, kommunale og private, oppfyller sine plikter etter barnehagelova. Vi har fått oversendt referat som viser at kommunen deltar i jamlege møte i styrarforum og fagmøte gjennom året. I nokre av desse møta deltar også styrarar i private barnehagar. Tema i møta er dels relaterte til lovkrav. Eksempel på dette er krav til pedagogisk personale og forsvarleg bemanning og tema knytte til forskrift om rammeplanen sine krav til innhald i barnehagetilbodet. I tillegg til den dialogen som skjer i møte, får vi opplyst i intervjuet at det er relativt hyppig kontakt mellom styrarane og barnehagemyndigheita. Kontakten skjer likevel først og fremst etter initiativ frå styrar, og ber etter Fylkesmannen si vurdering ikkje preg av å vere ei systematisk innhenting av informasjon frå kommunen si side. Barnehagemyndigheita opplyser i si eigenvurdering i RefLex at ein likevel har god oversikt i og med at det berre er tre private barnehagar i kommunen.

Barnehagemyndigheita mottar elles vedtekter, årsmeldingar og årsplanar frå barnehagane. Årshjulet til barnehagane viser at dei også rapporterer i forhold til rutinar for teieplikt og politiattest, oppretting av samarbeidsutval m.m. Vi får opplyst i kommunen si eigenvurdering at det er tett kontakt med barnehagane, og at dei mottar få eller ingen klagesaker eller bekymringsmeldingar som gjeld barnehagetilbodet i kommunen.

Etter Fylkesmannen si vurdering har Vindafjord kommune tilstrekkelege rutinar for innhenting av informasjon om barnehagane i kommunen.

For å oppfylle dei krava som lova stiller til kommunen som barnehagemyndigheit, må barnehagemyndigheita bruke kunnskapen om barnehagane til å vurdere behov for rettleiing og tilsyn. For å kunne vurdere behovet må barnehagemyndigheita ha rett lovforståing. Kommunen må også gjennomføre rettleiing og tilsyn i tråd med sine risikovurderingar. Kravet til å gjere risikovurderingar er nyleg presisert frå Utdanningsdirektoratet, og mange kommunar må legge om rutineane sine for å betre ivareta dette kravet.

Etter Fylkesmannen si vurdering har ikkje Vindafjord kommune lagt fram dokumentasjon som viser at barnehagemyndigheita har rutinar for risikovurdering eller gjennomfører ei bevisst risikovurdering på barnehagelova sitt område. Tilsyna har meir preg av stikkprøvekontroll med fast rullering av tema og barnehagar, slik det har vore vanleg etter tidlegare praksis i mange kommunar. Vi ser av dei siste tilsynsrapportane til barnehagane at det har vore noko fokus på krav til bemanninga. Desse krava blir no skjerpa av sentrale myndigheiter og vil tre i kraft neste år. Dette viser aktualitet og ein form for risikovurdering i tilsyn, men vi kan ikkje konkludere med at kommunen har innarbeidd krava til risikovurdering i sine rutinar og praksis.

Kommunen skriv i si tilbakemelding etter førebels rapport:

*Generelt er Vindafjord kommune inne i endring, mellom anna på bakgrunn av ny rammeplan, der tilsynsplan med rutine for risikovurdering er under utarbeiding. Me er i gang med å arbeide inn bruk*

*av ståstadsanalyse som ein del av dokumentasjonen, og brukarbrevtilsynet i 2016 som ein form for risikovurdering og grunnlag for framdriftsplan for stedlige tilsyn og oversikt over risiko-område i dei einskilde barnehagane. I same brevtilsyn nytta ikkje kommunen malen i skjema 1 som ligg i plan og rutine, då det vart vurdert at dokument som var etterspurt, som årsmelding, årsplan og ståstadanalysen, ville dekke alle områda utan at det måtte førast i eige skjema.*

Gjennomføring av rettleiing og tilsyn vil bli omtalt under punkt 3 og 4 i rapporten.

## **3 Rettleiing av barnehagane**

### **3.1 Rettslege krav**

Kommunen skal gi rettleiing og sjå til at barnehagane blir drivne i samsvar med gjeldande regelverk, jf. bhgl. § 8.

Denne plikta inneber at kommunen kan bruke ulike verkemiddel for å sikre at barnehagane driv innanfor dei rammene som barnehagelova gir. Barnehagelova oppstiller ei rekke plikter og krav som barnehageeigar skal oppfylle. Krava gjeld mellom anna innhaldet i barnehagetilbodet, foreldre og barn sin medverknad, pedagogisk personale og anna personale og krav til rutinar for innhenting av politiattest, teieplikt og meldeplikt til barnevern.

Barnehagemyndigheita si plikt til å sjå til at regelverket blir følgt, kan bli oppfylt både gjennom aktiv rettleiing av og tilsyn med barnehagane.

### **3.2 Fylkesmannen sine observasjonar, vurderingar og konklusjonar**

Fylkesmannen har mottatt kompetanseplan for 2017/18 som er utarbeidd for dei kommunale barnehagane i Vindafjord. Planen inneheld felles visjon, enkelte føringar for haldningar og verdiar og oversikt over planleggingsdagar, nettverksmøte og etter- og vidareutdanningstilbod for leiarar og andre tilsette. Dette dokumentet er knytt til kommunen som barnehageeigar og gir ikkje informasjon om kva for tilbod om rettleiing kommunen gir som barnehagemyndigheit. Det er ikkje lagt fram planar for rettleiing eller kompetanseheving som viser at dei også omfattar dei private barnehagane.

Fylkesmannen ser av referat frå faste styrarmøte at det er tatt opp enkelte tema der barnehagemyndigheita legg føringar for riktig lovforståing i barnehagane, særleg når det gjeld krav til pedagogisk bemanning og forsvarleg bemanning. Denne rettleiinga er av generell art og ikkje retta direkte mot enkelte barnehagar.

Kommunen har 7 kommunale barnehagar og 3 private. Dette er relativt oversiktleg, men vi må likevel gå ut frå at det med dette talet på barnehagar vil kunne vere forhold som er ikkje er i tråd med barnehagelova, forskrift om rammeplan, forskrift om pedagogisk bemanning eller andre forskrifter gitt i medhald av lova. Barnehagemyndigheita mottar til dømes årsplanar frå barnehagane, men ingen av barnehagane som vi har intervjuet, har fått tilbakemeldingar om innhaldet i oversende årsplanar.

I eigenvurderinga og i intervju har kommunen lagt vekt på at det ofte er tilstrekkeleg med rettleiing og dialog i dei tilfella der ein ser grunn til å vurdere om barnehageeigar oppfyller pliktene etter barnehagelova. Kommunen opplyser samtidig i intervju at mykje av det arbeidet som skjer med rettleiing av barnehagane, både gjennom telefonkontakt og i møte, ikkje blir dokumentert. I intervju kjem det likevel ikkje fram eksempel på at kommunen som barnehagemyndigheit har tatt kontakt med enkeltbarnehagar med utgangspunkt i moglege brot på barnehagelova med forskrifter. Det er heller ikkje lagt frem eksempel på møtereferat eller anna som kan stadfeste at kommunen har nytta rettleiing for å få barnehagar til å betre regelverksetterlevinga.

På grunn av manglande dokumentasjon knytt til bruk av rettleiing som verkemiddel for å sjå til at reglane i barnehagelova blir følgde, kan vi ikkje konkludere med at barnehagemyndigheita gir nødvendig rettleiing. Vindafjord kommune har dermed ikkje vist at rettleiing blir brukt som verkemiddel for å rette brot på barnehagelova.

Det er elles ikkje eksempel på at det er gitt rettleiing ut frå feil lovforståing.

Kommunen skriv i si tilbakemelding etter førebels rapport:

*Rettleiing og oppfølging av barnehagane skjer i det daglege, i fagmøter og styrarforum. Dei private barnehagane er inkludert i dette arbeidet gjennom deltaking i fagmøter og andre fora. Dette arbeidet vil kome tydelegare fram i ny tilsynsplan, der mellom anna implementering av rammeplanen og endringer i bemanning vil få mykje fokus framover det fyrste året.*

*Vindafjord kommune har ikkje konkludert med brot på barnehagelova i siste tilsyn. Det har vore tilfelle der barnehagemyndige har vore i dialog med barnehageleiar og rettleia i samband med bemanning og krav om auka pedagog for å unngå lovbrøt. Drøfting og rettleiing kring foreldresamarbeid og samarbeidsutval si rolle har vore aktuelt med einingsleiar i anna barnehage. Barnehagemyndige ser at dokumentasjonen for ettertida bør vera betre sjølv om det vert ein løysing som er vurdert som god nok for barnehagemyndige.*

## **4 Tilsyn med barnehagane**

### **4.1 Rettslege krav**

Kommunen fører tilsyn med barnehagar, jf. bhgl. § 16. Kommunen kan gi pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege forhold. Dersom fristen for å etterkomme pålegget ikkje blir halden, eller dersom forholdet ikkje lar seg rette, kan kommunen vedta tidsavgrensa eller varig stenging av verksemda. Eventuelle pålegg om retting skal skje som enkeltvedtaks og følgje forvaltningslova sine reglar.

Det er stilt mange krav til barnehagen sine lokale og drift også i anna regelverk, jf. m.a. i plan- og bygningslova, arbeidsmiljølova og forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar. Helsemyndigheitene, plan- og bygningsmyndigheitene og andre har sjølve ansvaret for sine område, men barnehagemyndigheita har eit overordna ansvar for barnehagane og må leggje opp til eit nært samarbeid med andre aktuelle instansar, både i godkjenningsprosessen og ved seinare tilsyn.

## 4.2 Fylkesmannen sine observasjonar, vurderingar og konklusjonar

For at oppgåva med å føre tilsyn skal bli forsvarleg ivaretatt, må kommunen ha rutinar for innhenting av informasjon og risikovurdering. Vi viser til drøftinga ovanfor om dette.

Fylkesmannen har mottatt dokumentet *Rettleiing og tilsyn etter barnehagelova – Vindafjord kommune*. Her blir det gitt oversyn over lovgrunnlaget, barnehagelova § 7 om barnehageeigar sitt ansvar og oppgåver, § 8 om kommunen sitt overordna myndigheitsansvar og § 16 om tilsyn med barnehagane. Vidare blir det opplyst noko om igangsetting av tilsyn/informasjon til barnehagane, det blir vist til at kommunen har rutinar for kartlegging/rapportering frå barnehagane (årshjul er lagt ved) og for planlegging og prioritering. Vidare er det skrive om utøving av tilsyn, meldt eller umeldt, og gitt eksempel på tilsynsystema. Til slutt omtalar dokumentet kort at det skal utarbeidast rapport etter tilsyn, og at det av rapporten skal gå fram om tilsynet har avdekt ulovlege eller uforsvarlege forhold som fører til pålegg om retting som kommunen må følgje opp. Dokumentet tar også opp behovet for samordning av tilsyn med andre etatar som har ansvar for anna lovverk relatert til barnehagedrift.

Fylkesmannen har fått oversendt Vindafjord kommune sin *Årsplan for tilsyn med barnehagar 2012-2015*. Planen beskriv tilsynsaktivitetar i perioden. I brevtilsyn skal barnehagane svare på spørsmål i skjema 1 og levere dette til kommunen som brukar resultata som utgangspunkt for drøftingar og tilbakemeldingar frå tilsynsmyndigheita til styrar og eigar. Brevtilsyna skal avsluttast med ein rapport til barnehagane. Etter dette skal barnehagemyndigheita, i følgje planen, rettleie barnehagane og følgje opp merknader og eventuelle pålegg om retting. Fylkesmannen skal vurdere situasjonen på tidspunktet for tilsyn. Dokumentasjon av rutinar og praksis på tidlegare tidspunkt blir derfor ikkje tillagt vekt i vårt tilsyn, men fungerer som bakgrunnsinformasjon.

Tilsynsplanen har ikkje oversikt over kva for barnehagar det skal gjennomførast tilsyn med dei enkelte år. Tema og fokus er lista opp i ein oversikt frå 2014-2016, og det er tenkt ei rullering av dei ulike tema over 2 år. Brevtilsyn og stadlege tilsynsskjema er laga ut frå denne rulleringa. Kommunen har ikkje utarbeidd ny tilsynsplan for 2017, og intervju stadfestar at det ikkje har vore gjennomført brevtilsyn/stadleg tilsyn i 2017. Skjema 1 i plan for tilsyn har ikkje vore brukt som grunnlag for tilsynsrapport i brevtilsyna.

I dokumentasjon og intervju kjem det fram at kommunen har gjennomført brevtilsyn i alle barnehagane i løpet av 2016. Det er stabrådgjevar for barnehage som sender ut varsel, behandlar tilbakemeldingane frå barnehagane og skriv rapport. Kopi av rapport blir sendt til kommunalsjef. I tilsynsplanen er det utarbeidd ein mal med spørsmål om ulike område i barnehagelova som skal vere utgangspunkt for drøftingar og tilbakemeldingar frå tilsynsmynde til styrar/eigar. I brevtilsynet er ikkje dette skjemaet blitt brukt.

Dokumentasjon viser at varsel om brevtilsyn er blitt sendt ut til barnehagane. I brevet kom det fram konkret presisering om kva tilsynet skulle sjå etter. Kommunen viser til ulike tema og heimel for tilsynet. I brevtilsyn 2016 hadde kommunen særleg fokus på §2 om pedagogisk innhald, §3 om barns medverknad, §4 om foreldreråd og samarbeidsutval og §§17-18 om bemanning og pedagogisk personale. Barnehagemyndigheita bad barnehagane om å få oversendt dokumentasjon som omhandla desse områda. Dei fekk også beskjed om å gjennomføre og leggje ved ståtadsanalysen. I intervju kjem det også fram at barnehagane leverer inn årsmeldingar, årsplanar, barnetal og

informasjon om tilsette. Kommunen innhentar etter vår vurdering informasjon i tilsyn som set kommunen i stand til å gjere vurderingar av barnehagen sine rutinar og praksis opp imot dei krav som er stilte i barnehagelova. Kommunen innhentar mykje dokumentasjon og har slik sett eit godt utgangspunkt for å vurdere eventuelle brot på barnehagelova.

Vi har fått kopi av varsel, innsending av dokumentasjon frå Bjoa og FUS Ølensjøen og rapportar frå Bjoa, FUS Ølensjøen og Vats. I tillegg har vi fått ein samla oversikt med kommentar etter brevtilsyn per. 15 desember 2016.

Barnehagemyndigheita har bede om å få tilsendt årsplanar, oversikt over foreldreråd og samarbeidsutval, oversikt over tilsette og tal på barn og *Ståstedsanalysen*, som var knytt opp til barns medverknad. Tilsynet skulle vidare sjå til at det var system for helse, miljø og sikkerheit etter lov om helsevern for barnehagar og skule og at det var system for sikkerheit på leikeplass og godkjenning etter plan og bygningslov. Barnehagane fekk i varsel om brevtilsyn 15.11.2016 og frist for innsending av dokument til 15.12.2016. Når det gjeld det siste punktet, er barnehagemyndigheita i ettertid blitt gjort merksam på at dette er eit område der myndigheit er delegert til andre etatar i kommunen. I og med at det allereie går fram av kommunen sine rutinar at dette ligg til andre kommunale instansar, vil ikkje Fylkesmannen gi varsel om pålegg knytt til dette.

Kommunen sine rapportar frå dei ulike brevtilsyna konkluderer med at barnehagane driv verksemda i tråd med barnehagelova. Intervju stadfestar at barnehagane hadde fått munnleg beskjed om at det ikkje ville kome pålegg om retting. Barnehagane hadde ikkje fått skriftleg rapport etter brevtilsyn i 2016 på tidspunktet for Fylkesmannen sitt tilsyn, men dei fekk rapportar etter at vårt tilsyn var i gang.

Tilsynsmyndigheita har gjort ei kort oppsummering av funn, og av dei rapportane vi har fått tilsendt, er det ingen som inneheld pålegg om retting av lovbrøt. Rapportane inneheld i liten grad skriftlege vurderingar som støttar konklusjonane. Sjølv om kommunen har konkludert med at barnehagane driv etter regelverket, skal dei vise korleis dei ulike krava er vurderte av kommunen. Kommunen må vise korleis dei meiner at barnehagane si drift er i tråd med regelverket og vise kommunen sine konklusjonar. På denne måten kan ein sikre at kommunen sine vurderingar kan etterprøvast og at det skjer likebehandling av kommunale og private barnehagar. Det skal også kome fram av vurderingane om kommunen har korrekt lovforståing. Gjennom tilsyn kjem det fram at eventuelle behov for endringar som blir avdekte under tilsyn, blir løyste gjennom rettleiing.

Ut frå dei tilsynsrapportane vi har fått tilsendt, kan vi ikkje etterprøve om det skjer brot på dei aktuelle reglane i barnehagelova. Kommunen sine vurderingar er etter vår vurdering for vage, og kommunen går ikkje konkret inn i ei vurdering av fakta opp mot lovkrav. Vi kan for eksempel sjå at tilsynsmyndigheita tar opp dei utfordringar enkelte av barnehagane har i forhold til talet på barn per vaksen, men vi kan ikkje sjå korleis det konkrete talet på barn og den konkrete bemanninga er vurdert opp mot lova sitt krav til pedagogisk bemanning og forsvarleg bemanning totalt, jf. bhgl. § 18. Det at kommunen relaterer bemanningstemaet til komande skjerping av krav til bemanning i lovverket, viser likevel at kommunen legg vekt på å vere oppdaterte og i forkant. Kommunen har god barnehagefagleg kompetanse, men dei vurderingar som blir gjorde, må synleggjerast betre. Vi kan ikkje ut frå dokumentasjonen sjå om rett lovforsåing er lagt til grunn ved tilsyna.

Vi kan heller ikkje vurdere om kommunen som barnehagemynde har rett lovforståing knytt til forvaltningskrav når kommunen skal fatte enkeltvedtak med pålegg om retting etter barnehagelova §16, fordi kommunen ikkje har konkludert med brot på regelverket. Kommunen sin plan for tilsyn eller kommunen sine rutinar omtalar heller ikkje bruk av sanksjonar og korleis en fattar vedtak om pålegg. Forvaltningslova § 25 krev at kommunen som mynde skal grunngi sine enkeltvedtak. Vidare er det nødvendig å sikre at retten til at barnehageeigar får utale seg, blir ivaretatt. I og med at dette ikkje har vore eit aktuelt tema i kommunen, vil vi ikkje varsle pålegg om retting på dette punktet. Vi gjer likevel merksam på at rettstryggleiken til private barnehagar må ivaretakast dersom det blir nødvendig å sanksjonere i framtidige tilsyn.

Etter Fylkesmannen si vurdering er det ikkje fullt ut samsvar mellom kommunen sine rutinar og planar og det som i praksis blir gjennomført. Barnehagemyndigheita i kommunen har fleire dokument som omhandlar rutinar for tilsyn og planar for framdrift. I praksis er berre deler av planane fulgte. Ut frå opplysningar i intervju kan manglande kapasitet vere noko av årsaka, men det er kommunen sjølv som må ta stilling til om det er behov for endringar i ressursar, arbeidsmåtar eller organisering. Fylkesmannen skal i rapporten berre konkludere i forhold til om kommunen har dokumentert at krava til barnehagemyndigheita blir oppfylte.

## 5 Frist for retting av regelverksbrot

I kapitla ovanfor har Fylkesmannen konstatert at kommunen ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi gir ein frist til å rette regelverksbrota, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er **01.05.18**. Før fristen må kommunen sende ei erklæring om at forholda er retta og ei utgreiing om korleis brota er retta.

Dersom regelverksbrota ikkje er retta før rettefristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit pålegg om retting er eit vedtak som det kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter at rettefristen er over:

### Informasjonsinnhenting og risikovurdering

**Pålegg 1.** Vindafjord kommune må på bakgrunn av informasjon om regelverketterlevinga vurdere behovet for rettleiing og tilsyn i den enkelte barnehage.

Pålegget inneber at:

- a. Barnehagemyndigheita må etablere rutinar for risikovurdering
- b. Barnehagemyndigheita må gi rettleiing eller føre tilsyn med dei barnehagane og dei tema som det er knytt størst risiko til

### Rettleiing av barnehagane

**Pålegg 2.** Vindafjord kommune må oppfylle rettleiingsplikta si, jf. bhgl. § 8.

Pålegget inneber at:

- a. Barnehagemyndigheita må bruke rettleiing der dette er rett verkemiddel for å oppnå etterleving av barnehagelova i barnehagane.

### **Tilsyn med barnehagane**

**Pålegg 3.** Vindafjord kommune må føre tilsyn med kommunale og private barnehagar i tråd med barnehagelova § 16.

Pålegget inneber at:

- a. Barnehagemyndigheita må ved tilsyn med barnehagane vurdere og konkludere om barnehageeigar oppfyller krava i barnehagelova.
- b. Vurderingane og konklusjonane må formidlast skriftleg til barnehageeigar.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Hanne Sørli Ronæss

tilsynsleiar

Jorunn Helland

rådgivar